

**Fra:** Nils Mæhle (Nils.Mehle@hib.no)

**Sendt:** 08.01.2016 10:56:24

**Til:** Fylkesordførar

**Kopi:** Svein Leidulf Heggheim

**Emne:** Arbeid for nynorsk

**Vedlegg:**

Fylkesordførar Anne Gine Hestetun,

Eg viser til at nynorsk språk og kultur står sterkt på Vestlandet. Hordaland og Bergen har viktige vertsoppgåver for Vestlandet, og ikkje minst på det språklege og kulturelle området. I tillegg har Hordaland fylkeskommune nynorsk som administrasjonsspråk.

Samtidig veit me at nynorsk i dag står under sterkt press. Det ser me ikkje minst i Hordaland, og i særleg grad i randsonene rundt Bergen.

På denne bakgrunnen vil Bergen Mållag og Hordaland Mållag i samarbeid med Noregs Mållag skipa ei prosjektstilling (inntil eitt år) som skal arbeida for nynorsk i Hordaland. Hovudoppgåva vert å fremja nynorsk frå barnehage til høgare utdanning.

Når det gjeld vidaregåande opplæring, vil det vera mest aktuelt å sjå nærmere på problematikken omkring målbyte mellom ungdomsskule og vidaregåande opplæring. Tal eg har henta inn, t.d. frå Knarvik vidaregåande skule og Osterøy vidaregåande skule, tyder på at fleire og fleire går over til bokmål etter ungdomsskulen.

Både Noregs Mållag, Hordaland Mållag og Bergen Mållag har sett av midlar til ei slik prosjektstilling. Me meiner at stillinga i høg grad er relevant for fylkeskommunen, og vonar på eit tilskot, t.d. kr 100 000,-. Bergen Mållag vil også ta saka opp med Bergen kommune (jf den politiske plattforma til det nye byrådet) i eit møte 13.02.16.

Eg har drøfta saka med fylkesdirektør Svein Heggheim (møte 06.01.16). Han er positiv til eit samarbeid om ei slik prosjektstilling. Heggheim ville at eg skulle nemna saka for deg før endeleg førehaving i fylkeskommunen.

Eg viser til dette, og vonar på ei positiv tilbakemelding. Om det er ønskjeleg, kan eg gjerne stilla opp i eit møte for nærmere informasjon.

Fylkesdirektør Svein Heggheim for kopi av e-posten.

Med beste helsing

Nils Mæhle

Leiar i Bergen Mållag